

Modalen kommune

postboks 44  
5729 MODALEN

Dykkar ref.:

Vår ref.:  
22/671 - 1 / JHG / 251

Dato:  
12.08.2022

## Kartleggings skjema og vegen vidare

Hei,

Viser til utsendt informasjonsskriv av Knut Kjosås den 15. mars 2022 (vedlegg 2) og påfølgjande telefonsamtale med Anneli Vatle Lilletvedt. Beklager sein oppfølging, det har vore mykje aktivitet på bygget så ting har tatt litt lenger tid enn vi hadde tenkt.

Ut frå telefonsamtalen skjønar eg det slik at det at det i praksis ikkje er papirarkiv att i kommunen, men det vart sagt at det kanskje fans arkiv frå pleie og omsorg og dessutan noko privatarkiv frå lag og organisasjonar. Sender difor eit kartleggings skjema for utfylling. Dette kan evt. sendast til dei einingar der det kan tenkast å vere papirarkiv att.

Dersom det fins noko å fylle inn i skjemaet ønsker vi adresse og lokasjon på adressa, for eksempel «på kontor x» eller «i arkivrom» under kolonne C. Arkivskapar blir t.d. den spesifikke skulen som fyller ut skjemaet. På innhald er det rett og slett om det er administrativt arkiv eller personregister. Nokre einingar kan ha begge typane og treng då to linjer om alt står på same rom. Viss eininga har materiale på fleire plasseringar ønskjer me ei (eller to som nemnd over) rader for kvar av desse plasseringane. Når dette er samla inn kan du samanfatte det i hovudskjemaet. Eller om du ønsker kan du sende oss alle i retur så kan vi gjere den jobben. Har du spørsmål til utfyllinga av skjemaet så må du gjerne ta kontakt på e-post eller telefon. Ser fram til å høyre frå deg!

Med venleg helsing

Jørn Harald Grov  
spesialkonsulent  
Tlf 55306090

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur.

Vedlegg:

Modalen kommune - kartleggingskjema	1356917	12.08.2022
Kartlegging av arkivbestanden i kommunane	1356918	12.08.2022